



Kjell Ove Thorseth  
Kvingedalen 206  
5981 MASFJORDNES

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/288 - 20/2807

Saksbehandlar:  
Gaute Fitje Sleire  
gaute.fitje.sleire@masfjorden.kommune.no

Dato:  
17.03.2020

## Melding om delegert vedtak - søknad om oppføring av garasje gbnr 36/2

**Administrativt vedtak. Saknr: 025/2020**

**Tiltakshavar: Kjell Ove Thorseth**

**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-4

**VEDTAK:**

**Masfjorden kommune ved rådmannen viser til plan- og bygningslova § 20-4 og godkjenner søknad om oppføring av garasje gbnr 36/2, Kvingedalen.**

**Søknad om vedlegg mottatt 10.03.2020 vert godkjent på fylgjande vilkår:**

- Tiltaket skal plasserast som vist på situasjonskart mottatt 10.03.2020
- Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen før det skal søkast om ferdigattest.
- Det skal gjevast ferdigattest før tiltaket kan takast i bruk.

**Grunngjeving: Søknaden er i tråd med Masfjorden kommuneplan 2018-2030.**

**Heimel: Plan- og bygningslova § 20-4 og Masfjorden kommuneplan 2018-2030.**

## Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

## Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

## Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i samsvar med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

## Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

## Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

## Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Sluttdokumentasjonen skal vise at tiltaket er utført i samsvar med løyve og føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova. Om det er justeringar i tiltaket i høve til løyvet som ikkje krev søknad om endring, skal tiltakshavar seinast ved søknad om ferdigattest sende oppdatert situasjonsplan og teikningar til kommunen. I tiltak der det er krav om avfallsplan eller miljøsaneringsutgreiing skal sluttrapport som dokumenterer faktisk disponering av avfall leggjast ved søknad om ferdigattest.

Når det står att mindre vesentlege arbeid, kan kommunen gje mellombels bruksløyve for heile eller deler av tiltaket. I søknad om mellombels bruksløyve skal tiltakshavar identifisere attståande arbeid, stadfeste at byggverket har tilfredsstillande tryggleik, og sette tidspunkt for ferdigstilling.

Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket må følgjande ligge føre:

- Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen.

## Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

Kode	Skildring	Tal	Sum
10.3.1	Basisgebyr	1	5000,-
	Totalt gebyr å betala		5000,-

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet kan setjast i gang, jf. pbl. § 21-4 (6).

**Klage**

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Roald Kvingedal

teknisk sjef

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur*

**Vedlegg:**

Gebyr 36 2

Gaute Fitje Sleire

sakshandsamar

**Mottakarar:**

Kjell Ove Thorseth

Kvingedalen 206 5981

MASFJORDNES

## Saksutgreiing:

### 1. Bakgrunn

Det er i søknad mottatt 10.03.2020 søkt om oppføring av garasje på gbnr 36/2, Kvingedalen.

### 2. Uttale

Saka er nabovarsla i samsvar med plan- og bygningslova § 21-3. Det føreligg ikkje merknader til søknaden.

### 3. Fakta

Saka gjeld søknad om oppføring av garasje på gbnr 36/2, Kvingedalen. Garasjen måler 10 \* 6,5 meter. Egedomen ligg som LNF-føremål i arealdelen til kommuneplanen, og søknaden er i tråd med kommuneplan 2018-2030.

Egedomen ligg i omssynsområdet for skredfare.

Multiconsult har gjennomført skredvurdering for gbnr 36/2 og har konkludert med at sannsynligheten for skred er så liten at det ikkje er grunnlag for å gjere avbøtande tiltak.

Egedomen ligg i omssynssone for landbruk i arealdelen i kommuneplanen. Det skal takast særleg omsyn til jordbruksdrift og kulturlandskap ved planlegging, handsaming av søknadar og gjennomføring av tiltak innafør området. Det vert vurdert at oppføring av garasje ikkje vil setje desse omsyna til side.

### 4. Vurdering

Kommunen skal vurdere tiltak i høve til regelverket i plan- og bygningslova. I saka her er oppføring av garasje i tråd Masfjorden kommuneplan 2018-2030.

### 5. Konklusjon

Søknad om oppføring av garasje på gbnr 36/2 vert godkjent som omsøkt, jf. vedtak.